
Fra: Kathrin Jakobsen <Kathrin.Jakobsen@hfk.no>
Sendt: onsdag 6. mars 2019 14:42
Til: John Tveit; Merete Mikkelsen; jorunn.skodje@west-norway.no; solvi.folkedal@askoy.kommune.no; Stavnes, Camilla; Lisbeth.Marie.Aasebo@askoy.kommune.no; Stine Emilie Konradsen; Ann May Storebø; Richard.Taule@bergen.kommune.no; lennart.fjell@fjell.kommune.no; Andreas.Nordeide@fjell.kommune.no; Tjosås, Jan; Charlotte.hageberg@samnanger.kommune.no; knufro@samnanger.kommune.no; Solrun Hauglum; Åse Elin Myking; ingrid.h.rabben@voss.kommune.no; Gunnhild.Utkvitne@voss.kommune.no; elin.klette@voss.kommune.no; Mette.M.Stark@voss.kommune.no; Thore.Hopperstad@ulvik.kommune.no; jon.olav.stadheim@odda.kommune.no; Kommunane i Hordaland - Alle
Kopi: Katharine Louise Clarke; Barbara I Harterink; Marit Kristine Einen; Per Nordmark; Anne Marit Ellertsen
Emne: VS: Invitasjon til Internasjonalt kommunenettverk Hordaland - 22. mars i Bergen

Til nye og tidlegare medlemmar i Internasjonalt kommunenettverk Hordaland

Invitasjon til Internasjonalt kommunenettverk Hordaland - 22. mars 2019 – fyrste samling

Hordaland fylkeskommune inviterer alle kommunane i Hordaland til å delta i fyrste møte i Internasjonalt kommunenettverk Hordaland i 2019.

Kommunenettverket vart oppretta i 2018 og det resulterte i at ni kommunar deltok, og fleire sendte inn prosjektsøknader til EU-program. Dette er vi svært nøgde med, og vi ser fram til å vidareutvikle dette samarbeidet i 2019, både med dei som deltok i 2018 og med nye kommunar.

Føremål

Hordaland fylkeskommune ønskjer i sterkare grad å samarbeide med kommunane om å bruke EU-program og europeisk samarbeid som verkemiddel til å auke fagkompetansen og styrkje bærekraftig utvikling i regionen. Vi legg vekt på å gi informasjon og rettleiing til enkle prosjekt for europeisk samarbeid om kompetanseutvikling, erfaringsutveksling og nettverksbygging, og ved behov bistå med rettleiing i større strategiske prosjekt.

Målgruppe og tema

Alle kommunane blir inviterte til å delta og tema for moglege prosjekt vil vere innafor dei fleste av kommunane sine ansvarsområde. Vi tenkjer ein eller fleire personar tilsett i kommuneadministrasjonen, t.d. innanfor næring, helse- og omsorg, oppvekst og skule, kultur, friviljug arbeid mm, som har interesse av å bli med i nettverket.

Tid: Fredag 22. mars kl 10.00-14.00

Stad: Fylkeshuset, Agnes Mowinckels gt. 5, møterom Nordhordland, 4. etasje

Påmeldingsfrist 19. mars. OBS! Dei som har meldt seg på i samband med «set-av-dato-varsling», må òg melde seg på her.

Lenke til påmelding og program: [Påmelding og program](#)

Vidare møteplan for nettverket i 2019

Det vil bli arrangert til saman tre kombinerte workshops- og informasjonsmøte i løpet av året.

Andre møte (juni): Behov/utfordringar i eigen kommune som kan løysast gjennom internasjonalt samarbeid. Avdekke behov for samarbeid mellom kommunar. Aktuelle tema/trendar innan EU-prosjekt – erfaring frå europeisk samarbeidsregion.

Tredje møte (oktober): Søknadsworkshop med rettleiing og bistand frå HFK.

Tidspunkt for desse møta vil bli avtalt på første møte.

Velkomen!

Venleg helsing

Kathrin Jakobsen

Seksjonsleiar

Regionalavdelinga

Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse



Mob: +47 982 55 253

www.hordaland.no